

Saksbehandlar: Mari Johansen Aune, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 17/4207-5

## **Hyllestad - Kommuneplan samfunnsdel 2018 - 2030**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudinntrykket er at kommunen har ei tydeleg utgreiing av status og utfordringsbilete, og at mål og strategiar svarar godt på dei utfordringane som er identifiserte.
2. I handlingsprogrammet for Hyllestad kommune 2018-2021 kan ein med fordel tydeleggjere kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeids-partnarar for kvart einskild tiltak.
3. Høyringsvaret (vedlegg 1 i saka) inkl. konkrete innspel til nye målsettingar knytt til tema naturmiljø, klima og kommunale næringsfond. For å sikre betre kopling mellom samfunnsdelen og langsiktig arealbruk bør kapittelet med føringar for arealdelen vere meir utfyllande. Høyringsvaret inkl. konkrete innspel til føringar for arealbruk knytt til akvakultur, kultur-miljø, naturmiljø, sentrumsutvikling/tettstaddanning, bustad og klima. Innspela bør innarbeidast i plandokumentet.

### **Vedlegg:**

1. Framlegg til høyringsvar til Hyllestad kommune samfunnsdelen til kommuneplanen 2018 – 2030.
2. Kommuneplan samfunnsdel for Hyllestad 2018-2030 – høyringsdokument.
3. Handlingsprogram Hyllestad kommune 2018-2021.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Hovudinntrykket er at plandokumentet er omfattande i tema og at mål, strategiar og tiltak svarar godt på dei utfordringane som er identifiserte. I handlingsprogrammet bør ein konkretisere kostnaden ved dei einskilde tiltaka og kven som har ansvar for gjennomføring. Føringane for arealdelen kan med fordel vere meir utfyllande, slik at ein sikrar god kopling mellom mål og strategiar i samfunnsdelen og den langsiktige arealbruken i arealdelen. Vi kjem med konkrete forslag til tillegg i føringane for arealdelen, samt generelle innspel til plandokumentet, under dei utvalde fagområda som er omtala i høyringsvaret.

Saksframstillinga er ei kortfatta samanstilling av høyringsvaret, med fokus på dei punkta som er mest relevante ut frå regionale og nasjonale føringar. Framlegg til høyringsvar til kommunen ligg som vedlegg.

Dette tekstlege grepet er gjort for å få eit meir kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringsvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

### **2. Bakgrunn for saka**

Gjeldande samfunnsdel for Hyllestad kommune er vedteken i 2009. I kommunal planstrategi for Hyllestad frå 2017 er det vedteke å revidere kommuneplanen (samfunnsdelen og arealdelen). Planprogram for samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret i 2017. Saka har vore

diskutert i regionalt planforum ved to høve; før vedtak av planprogram i møte 15.05.17, og under utarbeiding av planframlegg 13.12.17.

Samfunnsdelen skal ta stilling til overordna mål og strategiar for å nå måla. Den overordna visjonen i Hyllestad er: **Hyllestad kommune – inkluderande og attraktiv**. Visjonen vert følgt opp av ni overordna målsettingar knytt til folketalsvekst, oppvekstvilkår og læremiljø, nærings-livet, Hyllestad som trygg stad å bu, kommunale tenester og sosioøkonomiske skilnader. Tre av dei overordna målsettingar er knytt til folkehelse. Planen vert vidare konkretisert ved at kapittel 4 greier ut om ti prioriterte tema, knytt til samfunnsutviklinga i Hyllestad, og drifta av Hyllestad kommune som organisasjon. For kvart tema greier planen ut status og utfordringsbiletete, mål og strategiar for å nå måla. Kvantematiske område vert vidare følgt opp med handlingar i handlingsprogram for 2018-2021.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Hovudinntrykket er at planen er godt strukturert og dekkande for mange tema som gjeld samfunnsutviklinga i Hyllestad. Kapittel 4 i planen greier ut om utfordringsbiletete, mål og strategiar for ulike tema ved samfunnsutviklinga og kommunen som organisasjon. Inntrykket er at kommunen her har ei tydeleg utgreiing, og at mål og strategiar svarar godt på dei utfordringane som er identifiserte.

#### **Målsettingar i planen**

Målsettingane for planen dekker mange sentrale tema i samfunnsutviklinga og kommunale tenester i Hyllestad. Det er positivt at folkehelse har fått eit sentralt fokus i målsettingane. Dette vil kunne styrke det tverrfaglege folkehelsearbeidet i kommunen.

Vi saknar at ein i planen definerer målsettingar knytt til tema naturmiljø, klima og kommunale næringsfond. Konkrete innspel til målsettingar på desse temaa er tatt med i høyringsvar og politisk saksdokument under avsnitt for gjeldande tema.

#### **Handlingsdelen**

Etter plan og bygningslova § 11-1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane skal følgast opp i 4-årsperioden. I handlingsprogrammet kan ein med fordel tydeleggjere kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeidspart/narar i kvart einskild tiltak. Fleire av måla og strategiane i planen er ikkje følgt opp gjennom handlingar i handlingsdelen. Det kjem ikkje fram av planen om dette er fordi det allereie eksisterer tiltak, eller om desse måla ikkje skal prioriterast i handlingsprogrammet.

#### **Føringar for arealdelen**

Føringar for arealdelen bør vere meir utfyllande, slik at ein følgjer opp mål og strategiar gjennom føringar for langsiktig arealbruk. Vi kjem med konkrete innspel til andre tema som bør med i føringane i avsnitt om akvakultur, kulturarv, naturmiljø, sentrumsutvikling/ tettstad-danning, bustad og klima.

#### **Akvakultur**

Det er positivt for næringsutviklinga i Hyllestad at ein i kapittelet om verdiskaping har definert mål knytt til utvikling av attraktive lokalitetar for akvakultur og strategi om å utvikle lokalitetskapasitet og delta aktivt i kystsonoplanlegginga. I føringane for arealdelen bør ein legge til eit punkt knytt til korleis målet og strategien knytt til akvakultur skal følgast opp i arealdelen.

#### **Kulturarv**

Det er positivt at den kommunale kulturminneplanen skal nyttast for å styrke kunnskapen om kulturarv-verdiane. Vi saknar likevel ei konkretisering av korleis planen skal nyttast strategisk, t.d. i form av kopling mot kommuneplanen sin arealdel ved bruk av omsynsoner. I føringane til arealdelen bør ein legge inn noko om korleis kulturminneplanen skal følgast opp i den langsiktige arealbruken. Likeeins saknar vi ei konkretisering av korleis ein kan kople tiltak i

kulturminne-planen sin handlingsdel opp mot kommunen sitt overordna budsjett- og økonomiarbeid.

### **Naturmiljø**

I regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 er det fastsett miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum *god miljøtilstand* for vassførekomstane innan 2021 med mindre det er gitt unntak. Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i Vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen.

I føringane for arealdelen bør ein inkludere eit punkt om korleis arbeidet med vassforvaltning skal følgast opp i arealdelen. Handlingsprogrammet bør og spegle dette med eit punkt under 4.1.3 (Natur, miljø og folkehelse).

### **Breiband**

Det er positivt at planen har ei tydeleg satsing på breiband, som er gjennomgåande i mål, strategi og tiltak. Ein kan også vurdere om det er behov for ein ny plan for digital infrastruktur. Slik plan vert viktig som eit verktøy i kartlegging av behovet i kommunane i samband med Nkom si støtteordning og prioritering mellom prosjekt i fylket. Støtteordninga for breiband er no lagt om, og det er område med dekning under 10 Mbit/s som har prioritet i tida framover. Fylkeskommunen gjer prioriteringar mellom innkomne søknadar. Ein eigen plan for digital infrastruktur vil også vere eit tenleg verktøy i samband med nye infrastrukturprosjekt i kommunen, som til dømes utbygging av nye bustads- eller hyttefelt og næringsområde.

### **Sentrumsutvikling/tettstaddanning**

Planen har eit tydeleg fokus på styrking og utvikling av sentrum. Dette er positivt, og i tråd med regionale føringar. Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur vart vedteken i Fylkestinget 17.04.2018. I strategien er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggjarar. I strategien er det lagt fleire retningslinjer som kan bidra til utvikling av attraktive tettstader. Vi oppmodar om at ein og legg retningslinjene i regional strategi til grunn for sentrumsutviklinga. Samfunnsdelen bør legge føringar for korleis sentrumsutviklinga skal følgjast opp i arealdelen.

I samsvar med rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742) vedtok FT i sak 54/16 regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Føresegna skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by- og tettstadsentra, med god tilgjenge for gåande og syklande og med god kollektivdekning. I tråd med regional planføresegn skal Hyllestad kommune gjennom kommuneplan eller områderegulering avgrense og definere sentrumsområdet.

### **Bustader**

Planen har ei tydeleg satsing på å utvikle bustadar i sentrale deler av kommunen. Dette er i tråd både med satsinga i regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, og satsingane i regional plan for klimaomstilling.

Basert på kunnskapen kommunen har om demografi og bustadmarknad bør planen inkludere ei drøfting kring kva type og omfang av nye bustadar ein treng. Ei kartlegging av bustadbehovet bør ligge til grunn for målretta bustadplanlegging.

Føringane for arealdelen legg opp til at ny bustadbygging skal konsentrerast i sentrum, og at bustadbygginga ikkje skal redusere dyrka og dyrkbar mark. Her bør ein inkludere liknande føringar for t.d. verdifulle naturtypar, særlig myr, og strandsone.

### **Klima**

Klima er ei overordna utfordring for alt planarbeid, og ei viktig føring for arbeidet med samfunnsdelen. I Regional planstrategi 2016 - 2020 er klimaendringane løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket.

Klima er eit sentralt tema i deler av planen, særleg i utgreiingane knytt til klima, risiko og sårbarheit, verdiskaping, sentrumsutvikling og tekniske tenester. Planen bør i tillegg definere eit overordna mål for kva ein ønskjer å oppnå knytt til klima. Dette målet bør vere i tråd med målsettingane i regional plan for klimaomstilling. Eit slikt overordna mål kan og bør bidra til at klima vert integrert i alle dei ulike tema som kommunen jobbar med.

### **Næringsutvikling**

Planen legg vekt på behovet for å skape fleire og meir varierte arbeidsplassar. Det er bra at ein legg vekt på behovet for å realisere «det grøne skiftet» i næringsutviklinga. Planen med handlings-program legg opp til etablering av møteplassar og utviklingsstøtte for næringslivet i kommunen. Dette er ei viktig satsing. Ein kan med fordel samarbeide med nabokommunane i HAFS for realisering av slike tiltak.

Kommunen omtalar eit behov for å spisse satsinga knytt til næring. Ei slik konkretisering kan med fordel gjerast i samfunnsdelen. Heilt konkret saknar vi at tildelingane av kommunale næringsfond er tydelegare forankra i samfunnsdelen. Samfunnsdelen bør presisere kva kommunen ønskjer oppnå med tildelingane, korleis ein tenkjer oppnå dette og kva type prosjekt/næringar kommunen skal løyve midlar til.

I utgreiinga vert landbruket vert trekt fram som ei viktig næring. Vi saknar at ein definerer målsetting, strategi og tiltak for utviklinga av landbruket.

## **4. Konklusjon**

Planen bør definere målsettingar knytt til tema naturmiljø, klima og kommunale næringsfond. Høyringsvaret inkluderer konkrete innspel til målsettingar på desse temaa. Desse innspela bør inkluderast i planen før vedtak.

Handlingsprogrammet er eit godt verktøy for oppfølging av planen. Før vedtak bør ein inkludere informasjon om økonomiske kostander, ansvar og moglege samarbeidspartna/rar for dei einskilde tiltaka.

For å sikre betre kopling mellom samfunnsdelen og langsiktig arealbruk, bør kapittelet med føringar for arealdelen vere meir utfyllande. Høyringsinnspellet inkluderer konkrete innspel til andre tema som bør med i føringane i avsnitt om akvakultur, kulturmiljø, naturmiljø, sentrumsutvikling/ tettstaddanning, bustad og klima. Desse innspela bør inkluderast i planen før vedtak.